

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 1/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr: S665

S 665, NØRRE TRØLLHØVD - SØKNAD OM KULTURBEITE

Kirsten Torill og Knut Viste (Viste 75/6 og Hagen 51/1) søker om 30 da kulturbeite på Nørre Trøllhøvd. Arealet er vist på vedlagt kart og er den tidlegare stølen til Plassen. Denne stølen har falle i det fri etter at bruket ikkje var å rekne som eit sjølvstendig bruk.

Søklarane har frå 01.01.04 starta samdrift med Midtre Berge. Alle kyrne skal vera på stølen på Trøllhøvd. Det trengst då meir inngjerda beite, spesielt fordi besetningen til Midtre Berge ikkje har vore på Trøllhøvd før.

Etter stølsforskriftene § 6 blir søknad om tilleggsjord/inngjerda beite avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret. Fjellstyret skal leggja søknaden ut til offentleg ettersyn.

VEDTAK:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Kirsten Torill og Knut Viste
Statskog
Vestre Slidre kommune LNT